Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 | Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Leikanger

Emne: Julenissen | Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: Hans O. Hov | Gard: Hov

(adresse): Fresvik | G.nr. 49 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter <u>eiga røynsle</u>.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er i den seinare tid at julenis-sen har teke til å dela ut jolegå-vor. Det var fyrst på dei offentlege joletrefestane for born for ca. 15-20 år siden, at julenissen kom med sekk på ryggen og delte ut små-pakkar - godter - til borni.

Seinare er det vorte slik, at det er julenissen som kjem med jole-gåvone i dei ymse heimane og legg dei under joletreet. Stundom kjem han stilt og fer att utan at ein merkar han, til andre tider kjem han med fange fullt av pakkar snakkar litt med borni og fer att.

Julenissen får ikkje anna enn takk for strevet.

Både på dei offentlege festane og i heimane er det ikkje so nøye

N. J. VANGSNES
FRESVIK - SOGN

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

anten nissen er stor eller liten og utstyret er etter som det fell seg, men som regel har han jülenisse-maska anten heimelaga eller kjöpt. Det kan vel vera at jülenissen i våre dagar er i ott med nissen frå gamall tid, men no ber nissen fram gåvor ütan å gjera krav på noko til seg, det er norte lit ei plikt for nissen å koma med jolegåvor.

Når det gjeld jülebukkar so lunder det av og til at dei er ute og går enno, dei har julenisse-maska, delar aldri ut julegåvor, men får som oftast ein smakebit for vitjingi.

Fresvik den 25. april 1951

Hans O. Hov

6122

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING